



## Notat

**Til:** Fylkesutvalet

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Regionreforma - drøftingsmøte om oppgaveoverføring frå stat til fylkeskommunar

Fylkesrådmannen viser til arbeidet med oppgaveoverføring frå stat til fylkeskommune på kulturområdet, herunder invitasjon til drøftingsmøte, sjå også FU-sak 65/19 dok 1, skriv til orientering, jf. vedlegg 1. Kulturdepartementet har sett opp denne tidsplanen for arbeidet med å avklare oppgaveoverføringa frå staten til dei nye fylkeskommunane:

<b>2019</b>	
20.mai	Møte mellom politisk leiing i Kulturdepartementet og fylkeskommunane
3. september	Innleiande drøftingsmøte mellom Vestland fylkeskommune og kulturdepartementet
Okt. – des.	Fylkeskommunane initierer drøftingsmøte i regionen med involvering av relevante aktørar
Okt. – nov.	Bilateralt møte med KS: Signering av bilateral avtale.

<b>2020</b>	
Januar	Forventa semje mellom KUD og kvar fylkeskommune om forslag til ny oppgåvefordeling. Denne vert fremja til Stortinget for behandling i Kommuneproposisjonen for 2021 og KMD og KUD sine budsjettproposisjonar for 2021.
Ultimo mars	Frist til KMD: Omtale av oppgaveoverføringar på kulturområdet i Kommuneproposisjonen
3. april	Framlegg til utvida kulturlov vert fremja for Stortinget før påske, med verknad frå 1.1.2021 (parallelt med oppgaveoverføringane).
Mai	Kommuneproposisjonen vert lagt fram for handsaming i Stortinget, med framlegg frå KUD basert på det ein er einig med fylkeskommunane om oppgaveoverføringar på kulturområdet.
Oktober	Regjeringa legg fram budsjettproposisjon for 2021 for Stortinget
Desember	Stortingets handsamar statsbudsjettet, med ny oppgåvedeling på kulturområdet
Januar 2021	Oppgaveoverføringar på kulturområdet trer i kraft

Stortinget sitt vedtak i høve Stortingsmelding 8 (2018-2019) «Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida» vart gjort 14. mai 2019, og vidare drøftingar mellom departementet og fylkeskommunane vil vere ei konkretisering av Stortingsvedtaket.

I invitasjonen til drøftingsmøta (vedlegg 1) har departementet lagt ved ei oversikt over kva institusjonar som i dag ligg på statsbudsjettet, jf. vedlegg 2. Departementet inviterer samstundes fylkeskommunane til å spele inn tema og oversikt over andre institusjonar/tiltak som kan vere relevante å ha med i ei samla drøfting om ny oppgåvedeling. Her har Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunane laga ei felles liste, jf. vedlegg 3. Denne lista vil truleg bli justert fram til møtet mellom nye Vestland fylkeskommune og departementet 3. september.

I Hordaland har fylkesrådmannen lagt fram eit litt meir omfattande notat til hovudutval for kultur, idrett og regional utvikling og fylkesutvalet, jf. vedlegg 4.

Fylkesrådmannen vil peike på følgjande to tilhøve:

- a) Stortinget har lagt til grunn framleis delt finansieringsansvar for museum og musikk-/scenekunstinstitusjonar. Her vil drøftingane m.a. gå på å finne nye fordelingsnøklar mellom staten og fylkeskommunane.
- b) Driftsstøtte, festivalstøtte, m.m. som no vert gitt av Norsk kulturråd som har heilt klart regionalt perspektiv, må overførast til fylkeskommunane på linje med midlar på statsbudsjettet.

Kulturdepartementet stiller med administrativ deltaking på drøftingsmøta, og let det vere opp til fylkeskommunane å vurdere samansetjinga av sine delegasjonar.

Fylkeskommunane samsnakkast på administrativ side med tanke på å få så eins ordningar som mogleg.

Drøftingane handlar no om overføring mellom stat og fylkeskommune, og kommunane vil ikkje vere ein del av denne overføringa. Det vil likevel bli gitt orientering til dei mest aktuelle verts-kommunane om prosessen.

KS vil vere representert som observatør på alle møta mellom departementet og fylkeskommunane.

**Dette til fylkesutvalet si orientering.**